



2.2.6

Rettleiing for forslagsstillarar – alternativ liste

Val av bispedømeråd og Kyrkjemøtet

Grupper av forslagsstillarar har høve til å stille kandidatlistar i tillegg til kandidatlista frå nominasjonskomiteen, sjå *Regler for valg av bispedømmeråd og Kirkemøtet* (bdr) § 2-7. Det blir kravd minimum 150 forslagsstillarar, sjå nedanfor. Forslagsstillarane må velje ein tillitsvald som kan vere kontaktperson for valrådet ved eventuelle forhandlingar om listeforslaget.

Valrådet skal innan 1. januar 2015 kunngjere at det er høve til å stille slike listeframlegg. Også i samband med kunngjeringa av den førebels kandidatlista frå nominasjonskomiteen rett etter 1. mars 2015 skal dette høvet kunngjerast.

Kandidatlista skal oppfylle følgjande krav:

- skal vere eigenhendig underskrive av minst 150 røysteføre forslagsstillarar frå minst tre ulike sokn i bispedømet, der maksimalt 50 prosent av underskrivarane kjem frå eitt og same sokn
- skal tydeleg syne kva for val det gjeld
- skal ha namn på det aktuelle bispedømet, samt valdagar
- skal ha eventuelt namn på grupper som overskrift før namna til kandidatane
- innehalde minst 7 og maksimalt 18 ulike namn
- kandidatlista skal setjast opp i tydeleg prioritert rekkjefølgje
- begge kjønn skal vere representert med ikkje mindre enn 40 prosent
- det skal vere kandidatar frå ulike distrikt
- minst 20 prosent av kandidatane skal vere under 30 år
- kandidatane skal vere oppførte med fullt namn og alder, og – om ønskeleg og for å unngå forveksling – adresse og yrke/stilling
- det skal følgje med stadfesting på at kandidatane er blitt spurde om å stå på lista

Frist for vallister: 1. mai 2015.

Andre føresegner:

Som vedlegg til kandidatlistene skal det følgje ei liste over

- kandidatenes fødselsdato
- kontaktinformasjon til kandidatene

Dersom ein kandidat ikkje er innført i manntalet som busett i bispedømet, må det ligge føre dokumentasjon på at personen vil oppfylle krava for å kunne veljast på valdagen.

Ein forslagsstillar kan og stå som kandidat på den same lista.

Eit framlegg til kandidatliste må ikkje ha felles forslagsstillarar med andre framlegg.

Står ein forslagsstillar bak fleire lister, må forslagsstillaren velje kva for kandidatliste han vil stå som forslagsstillar til. Dersom forslagsstillaren ikkje svarar på førespurnader frå valrådet, skal han strykast frå alle lister over forslagsstillarar.

Eit framlegg til kandidatliste må ikkje ha kandidat felles med andre framlegg.

Står ein kandidat på fleire ulike lister, må kandidaten velje kva for kandidatliste vedkomande vil stå som kandidat på. Svarar kandidaten ikkje på førespurnader frå valrådet, blir namnet ståande på den lista som først var kome inn til valrådet, men blir stroke frå dei andre. Forslagsstillarane fastset kva for namn som skal setjast inn i staden, og om namnet skal setjast inn på den tomme plassen eller nedst på lista.

Eit innlevert framlegg til kandidatliste kan ikkje kallast attende.

Alle kan ved å vende seg til valrådet krevje å få gjere seg kjent med eit framlegg til kandidatliste frå det tidspunkt lista har kome inn til valrådet.

Valrådet avgjer om framlegga til kandidatliste skal godkjennast, og undersøker om kandidatane og forslagsstillarane oppfyller dei fastsette krava. Dersom det ikkje er tilfelle, skal valrådet ved forhandlingar med den tillitsvalde for forslagsstillarane, søke å få framlegget til den stand som er pålagt.

Det er utarbeidd eit skjema 2.2.6 *Forslag til kandidatliste (BDR – val av leke medlemer)* som ein anbefaler at forslagsstillarane nyttar.

Presentasjon av kandidatane/ innhenting av kandidatane sitt syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål

Ved oppsett av kandidatliste bør ein tenkje på mogelege leiarkandidatar til Kyrkerådet. Det bør også leggjast vekt på kompetanse hos kandidatane, særleg i tilknytning til at Kyrkjemøtet og Kyrkerådet vil få auka mynde, og auka ansvar for tilskotsforvaltning.

Valrådet skal gjere det mogeleg for den tillitsvalde for listeframlegget å kort gjere greie for kva som er samlande for kandidatane på lista. Det skal også gjerast mogeleg for forslagsstillarane å gi ein presentasjon av kandidatane som svarar til presentasjonen av nominasjonskomiteens kandidatar, jf. bdr § 2-9-3.

Skjema 2.2.5 *Skjema for presentasjon av kandidatar (BDR)* bør nyttast. Dette skjemaet er tilgjengeleg på bokmål og nynorsk på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no. Opplysningane skal sendast til valrådet. Opplysningane kan nyttast i informasjonsmateriell der kandidatane blir presenterte, og i presentasjonen på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no.

Kandidatane skal også presenterast med bilete.

Spørsmål frå valrådet til kandidatane om aktuelle kyrkjelege saker skal nyttast, jf. bdr §§ 2-6-7 og 2-9. Både nominasjonskomiteens kandidatar og kandidatar på lister frå andre grupperingar skal presenterast på same måte.

Det er valrådet som fastset kva spørsmål som skal stillast til kandidatane, jf. bdr § 2-6-7. Forslagsstillarane må innhente svara på spørsmåla frå sine kandidatar, og gjere klart at svara skal nyttast i den offentlege presentasjonen av kandidatane.

Det er også planar om ein «valgomat» der veljarane gjennom å svare på eit sett spørsmål kan finne ut kven av kandidatane dei har mest til felles med.

Materiell omtalt i denne rettleiinga som finst på www.kyrkjevalet.no / www.kirkevalget.no:

- Skjema 2.2.6 *Framlegg til kandidatliste (BDR – val av leke medlemer)*
- Skjema 2.2.5 *Skjema for presentasjon av kandidatar (BDR)*